

**Til:**

Bergljot Brekken  
Eilen Refvik  
Eli Irene Wetteland Nygård  
Ernst Andre Undheim  
Ernst Mæland  
Heidi Ånestad  
June Rimestad  
Kristoffer Bøe  
Mari Vigre  
Stine Karen Kjellås

Dykkar ref.

Vår ref.  
23/31765Arkivkode  
035 A20Dato  
08.11.2023**Nærbø ungdomsskule - Referat frå SU/SMU møte 06.november 2023**

Dato: Måndag 06.november 2023

Tid: Kl. 19.15 – 20.15

Desse møtte: Bergljot Brekken, Eilen Refvik, Ernst Mæland, Ernst Andre Undheim, Heidi Ånestad, June Rimestad, Mari Vigre, Stine Karen Kjellås og Linda Hadland Forsmo (ref)

Forfall: Eli Irene Wetteland Nygård og Kristoffer Bøe

**Saker:****25/23: Godkjenning av sakliste**

Godkjent

**26/23: Godkjenning av [referat](#) frå sept-23**

Godkjent

**27/23: Juleball onsdag 6.des kl 19.00-22.00 i gamlehallen**

FAU og elevrådet møtes måndag 13. nov kl. 17.00 for vidare planlegging.

**28/23: Temadager arrangert av elevrådet**

Veldig positivt initiativ av elevrådet å arrangere temadagar. Rosadagen kom i Jærbladet og etter Halloweendagen blei det kåra vinnarar av beste utkledding for både lærarar og elevar. Før temaveka som skal vera i desember kan det vera lurt av elevrådet å ta runden i klassane, slik at alle får det med seg. Hugs å gå over til innføringsklassane i praktisk bygg.

**29/23: Gå på butikk i matfriminuttet?**

Spørsmål frå elev var å få ein prøvemånad å gå på butikken i matfriminuttet.

Det blir ikkje innvilga å gå på butikken i matfriminuttet. Skulen har ansvar for elevane heile skuledagen. Det er umogleg å føre tilsyn med kva elevane gjer utanfor skulegarden. At elevar ikkje skal gå på butikken vart for nokre år tilbake bestemt av FAU. Opnar me opp for at elevane får vandre fritt utanfor skulegarden, vil det fort auke på med skulemiljøsaker. Det vart og bygd kantine inne på NUS i 2021, for at elevane skulle få ein god plass å ete og tilbud om å abonnere på sunne gode måltid.

**30/23:** [Evaluering av ordensreglementet](#) I kva grad bidreg ordensreglementet til føremålet (§1)?

Regel: "Lue, caps, hette og ytterklede er av i klasserommet", må førast på i det interne ordensreglementet til NUS.

Forslag til endringar på kommunalt ordensreglement:

Under åtfærd:

- Legge til: Knuffing er ikkje lov, verken ute eller inne.

Under sanksjoner:

- Byte ordet lærer med tilsett for å dekkje alle dei vaksne som arbeider med elevane under pkt 1, 2 og 3. Eventuelt legge til avdelingsleiar i teksten i desse tre punkta, då det ofte er avd.leiar som er steget mellom lærar og rektor.
- Under bortvisning: Legge til at lærar kan bortvise resten av timen.

**31/23: Orientering frå politisk representant**

Nye representantar frå nytt utvalg. Eli Nygård er representant i SU og Ernst Andre Undheim er vara.

**32/23: Eventuelt**

- Visma: SU og FAU på NUS ønsker fortsatt at foreldra skal få innsyn i anmerkningar, ikkje elevane. Dette for at foreldre skal få betre oversikt og raskare kunne følge opp uønska oppførsel eller orden. Det vil vera til stor hjelp for kontaktlærarane at foreldra har innsyn, då det vil lette samarbeidet om orden og åtfærd.
- Leirskule: Skulen treng meir enn 1000 kr per elev for å kunne gjennomføre leirskule. Slik det er no, er det utfordrande å reise på leirskule i forhold til økonomien totalt sett. Utgiftene må dekkjast av driftsbudsjettet som skulen treng til andre ting.

Med helsing  
Hå kommune

Kari Ann Røgenes Bjørnsen  
spesialkonsulent

**Kopi til:**

Linda Hadland Forsmo  
Rune Roaldsen  
Waldemar Pettersen

kommunalsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*